


LIV I VINJE

Bygdebrev nr 8

TIL ALLE HUSSTANDANE I VINJE SKULEKRINS DESEMBER 2013



EI BYGD I UTVIKLING!

Det er absolutt liv i Vinje. Siste året har det vore mykje aktivitet rundt i bygda vår, og vinbyggjane syner at dei kan og vil. Frå Grungebru i vest til Særensgrend i aust er det stadig små og store prosjekt som ser dagens ljøs. Nokon driv med privat oppussing, andre med større yrkesmessige investeringar, medan det offentlege bidreg til fleire naudsynte og kjærkomne andletslyft og liv her i Vinje. Nokre prosjekt gjev til og med positive utslag i folketalsutviklinga, men det gjeng me ikkje nærare inn i her.



Den noko rufsete kårbustaden i prestegarden har endeleg fått eit skikkeleg lyft. Opplysningsvesenets fond som forvaltar kyrkjias eigedomar har totalrenovert både inne og ute. Heile svingen nedom kyrkja har fått eit heilt nytt og triveleg uttrykk. Det gjorde ikkje noko at vegvesenet førre vinter plutselig fann det for godt å

rydde nedom Haugeminnesvingen heller. No får jo alle som kjem køyrande austfrå sjå den nydelege bygda som openber seg i dalføret med kyrkje, vatn, eng og fjødd. Ikkje rart det fort kom folk i huset. Velkomen til Anne Bjørgund som har flytt inn.



Ved åi vest i bygda på Heiesida har folk endeleg fått respektabel åtkomst via nye Heiebrue. Dette er ei kommunal bru som svarar godt til dagens standard og tryggleikskrav. Ei og anna vårflaum kan trygt koma no. Styret i Livinje oppmodar ny- og gamalforelska folk til måneskinstur på brui for gode ynskje. Hugs å ikkje seie noko til nokon!

NYÅRSEFTAEN 2013

Etter påtrykk frå ungdom i Smørklepp har det blitt sett opp nytt leskur ved busstoppet. Då blir det ikkje like gufsent å stå i naren når me ventar på bussen eller anna skyss. Det flotte bygget er sett opp av vegvesenet på rekordtid. Takk til dei og Smørklepp grendelag som har pusha på. Det går altså ann å få til saker og ting ganske kjapt. Imponerende.



Største byggeprosjektet siste året er utan tvil skjotebanen på Kvasshaug. Vinje kommune har spyttat mange millionar til både veg, bane og naudsynte fasilitetar. Alt er ikkje ferdig, men det er god von for dei som likar krut og rekyl at Bøgrend blir åstad for mang ei trening og tevling allereie neste år. For dei som ikkje er like glade for smell og dunder, får me håpe på effektive lydtemparar på billegsal. Som ein kan sjå er det ikkje alltid greitt å vite når og kva for prosjekt som kjem i gang.

I denne vesle artikkelen har me berre fokusert på at det faktisk skjer ein god del rundt oss. Mesteparten kjem av initiativ frå oss som bur her. Orsak om nokon meiner at me skulle nemnd meir. Gje eit hint til nokon i styret, så kan me sikkert legge det ut på heimesida. Me som bur her må berre stå på vidare, så er det utruleg kva som kan kome i stand. La neste år bli eit år der du óg bidreg til fellesskapet og utviklinga i Vinje. Alle kan bidra på ulike vis, og det er bruk for alle!

LIVIVINJE har hatt ein tanke om å skipa til ein noko annleis nyårsmarkering enn det som har vore vanleg. Istaden for raketttoppskjoting har me tenkt at “vardebrenning” kunne vore ei artig markering av denne kvelden. Det å koma seg ein tur ut i frisk luft etter all den feite jolematen og samlast rundt eit bål som er synleg frå bygdane våre, kunne setje ein spiss på kvelden! Me har tenkt å prøva dette ut i år og vonar det vert suksess! Det har vore tala om kanefart/ skitur med hovudlykt uti “veggsfjellvegen”. Me fær sjå!

Tenk om nokre sprekingar kunne finne på å springe på Stekkjen med noko ved å laga eit lite bål der, eller på Eirnibb...Tenk så triveleg å sjå dette både frå heimane og frå dei andre bålplassane! Moglehetane er ulikeleg mange! Vonar på stor og ivrig oppslutning!

Glade og mette etter jolemiddag mandag 9. desember, samla ein liten gjeng seg som ville få til detta. Slik blir det:

- Eit stort bål med honbord blir rigga til i enden av vegen i Veggsfjellie.
- Me samlast i Byrtevegen kl 15.00 der denne vegen startar. Det blir brøytt parkering.
- Me går på ski her frå og inn i enden av vegen.
- Hodelykt vil vera snålt til heimturen.
- Me brenn BÅL !

LIVIVINJE

LIVREDD DATA?

For ei stund sidan fekk “LIVIVINJE” eit spursmål om me kunne laga til eit kurs i bruk av datamaskin. Det måtte då vera for slike som ikkje hadde våga seg noko særleg “innpå” eller ikkje har vore “innpå” i det heile teke..

No har me fått tak i lærar og lokale med maskinar til bruk. Kurset skal gå over åtte kveldar, tysdag og torsdag kvar veke i fire veker.

Kursstart: i midten av januar (datoen er ikkje fastsett, dei påmeldte vil få beskjed)

Lærar: Birger Kjellingveit

Stad: Multimediaromet på biblioteket i Åmot.

Tidspunkt: Tysdag og torsdag frå kl.1800- 2000

Kursavgift: kr. 600,-

Påmelding: innan 5. januar til

Øystein Romtveit, tlf. 97139050



SKULEN

Skulen vart som alle veit, noko overraskande nedlagt i år, og kommunen har halde folkemøte om vidare bruk av bygninga. Mange deltok og kom med innspel. Desse innspela kunne ein naturleg plassere i tre grupper. Friviljuge lagsarbeid, arbeidsplassar i næring og litteratursenter. Vinjar-delen av bygget vil kunne brukast til det friviljuge lagsarbeidet. Arbeidsplassar i samband med litteratursenter og bedrifter kan flytte inn i dei tome skulelokala.

Ny aktivitet i dei tome skulelokala har vore ei sak på samtlege styremøte sidan det vart vedteke å leggje ned skulen. Dette er ei sak som er viktig for oss. Saka har potensiale til å skape nytt liv i området vårt. Ho kan skape tilflytting, utvikling, skatteinngang, trivsel og mykje meir. Skulelokala er nett slike lokale som trengs til moderne kompetansearbeidsplassar. Dette er arbeidsplassar me ynskjer fleire av i vårt område. Det er også arbeidsplassar som tilflyttarar ynskjer.

Håvard Bratland, som leiar av næringslaget i Åmot, tok initiativ i høve til bruk av skulelokala. I Kviteseid har ein nanoteknologiverksemd etablert seg og etterkvart fått underavdeling i Oslo. Håvard tenkte at noko slikt

må vere mogleg å få til i desse lokala. Med utgangspunkt i denne ideen kom eit møte i stand der også Ole Dalen, Hans Nesheim, Eirik H. Næss og Ole J. Romtveit deltok. Vegen vidare såg ut til å vere å få etablert ein avdeling (node) under Vest-Telemark næringshage i Kviteseid. Ei slik avdeling føreset tre mindre verksemdar. Etter å ha jobba med saka over tid, fann me at dette ikkje er mogleg på dette tidspunktet. Likevel syner saka at det også er engasjement i vårt næringsliv for å ta skulelokala i bruk.

Kva gjer me vidare? Spørsmålet me stadig stiller oss er; kva må til no? Styret meiner at alt for få kjenner til lokala som står tome. Dette kan rettast på med marknadsføring. Ein bør få utarbeida eit profitt utleigeprospekt. Me bør få opp skilt langs vegen (Næringslokale til leige) og lokala bør annonserast på finn.no. Då vil mange fleire få vite om lokala og ikkje minst utabygds som er moglege tilflyttarar. Sidan det snart er jul, vil me få kome med eit ynskje til kommunen: Opprett ei arbeidsgruppe som skal jobbe systematisk over tid for å få til næring i skulelokala. Styret i Livivinje vil gjerne samarbeide og bidra kring dette.

HALLINGKURS



Den 15. og 16. nov. starta det eit hallingkurs for born på Vinjar. Det møtte 20 ungar i alderen 5 til 9 år. Lærer var Bjørnar Heimdal og spelemann var Lars Ingar Meyer Fjeld. Bjørnar er ein svært dyktig hallingdansar med mange premiar og Lars Ingar veldig god spelemann. Men ikkje nok med det; båe har eit usedvanleg godt lag med born. Så her var me heldige.

Ungane stilte med ein himmelshøg energi og var meir oppe i lufta enn nede på golvet fyrste kvelden. Men etter to timar på fredag og 4 timar på laurdag så hadde hallingen drege ut det meste av dei imponerande kreftene. Og ungene lea seg meir og meir på noko som likna på dans.

Kurset heldt fram 29. og 30. nov. for dei same borna. Her vart foreldra inviterte til å vera med på marsj til feiande tonar frå fela til Ingar. No vart salen meste fylt av ei lang rekkje med vaksne og ungar og danseflokken måtte gjennom mange turar før marsjen løyste seg opp i ein stor ring og Bjørnar tok over styren. Det var imponerande å sjå kva borna greide å få til både av hatte - spenning, balansekunstner på matta og salto på trampolina !

Kl. 12.00 hadde Torunn og Aslaug laga pizza til alle, også artistane som kom frå Tinn kulturskule for å syne oss kor langt dei har kome der borte mad hallingen. Det var tri gitar: Sondre Haugen, Knut Boksasp Berge, og Saamund Midtbøen. Alle saman så spretne og blide hallingdansarar som sende hatten rett i veggem !

Her vanka det både stift, nakkesprett og handståande. Alt i nydeleg takt. Jau, tenk om me kan stille slike dansarar om ei stund ?



Kurset synte at me har born som vil og kan lære å danse. Kanskje me kan få med fleire jenter og få til ei dansegruppe i neste omgang ? Kurset var finasiert av gruppa frå Vinje dansarring, Vinje Ungdomslag og Vinje Spelemannslag.



GARDEN VINJERUI

Garden Vinjerui har kome på lokale hender. Jon Arild Hovden og Liv Hovden, som har forpakta Vinjerui i mange år, er no eigarar av garden. Dei er allereie i gang med nydyrking. Til dette er det skaffa ein hjullastar. 14 mål skog og stein har no blive jorde. Jon Arild har også investert i eit «vedunder» av ei hogstmaskin, ein Valmet med GPS som syner grenser mellom hogstfelt og sensorar som måler lengde og diameter på kvart tre. Maskina har monaleg høgare kapasitet, fortel Jon Arild. Kompanjongen Tallak Svendsen frå Mo køyrer lasteberar. For tida hogg dei på Våmartveit.

SMØRKLEPP

To bønder i Smørklepp har også dyrka nytt og slege gras på nyenga for fyrste gong i år. Olav Rui og Geir Olav Bekkhus har saman dyrka opp 11 mål. Når heile jordet er klart, blir det 40 mål.

LITTERATURSENTER

Planane med å få til eit litteratursenter har kome monaleg lengre. Eit samarbeid med Aasen-senteret i Ørsta og Olav H. Hauge-senteret i Ulvik er innleia. Mykje meir kan seiast om dette men no må redaksjonen sette strek. Eit saksframlegg til Oppvekst og velferdsutvalet (OVU) i kommunen vil skje i januar neste år.

VINJE SLAKTERI

På Kingland har me i haust utvida hjortehegna med omlag 60 mål. Godt å sjå at hjortane trivst med å få eit større område å beite på. Har og sett opp to rundhallar slik at dei kan koma inn under tak når snoen og kulda kjem. Takkar Ole Johannes Romtveit, Åge Nordheim og Sigurd Midtun for god hjelp til dette arbeidet i haust!

AS MAMA

For om lag eit år sidan opna Bente-Lene R. Sveinson ei lita bedrift på Mjonøy. AS MAMA er ei triveleg lita forretning som tilbyr behandlingar med soneterapi, øreakupunktur, muskelsoneterapi, ayurvedisk yogamassasje og hovud og andlets-massasje.

Her er også eit spanande lite butikklonale med naturbaserte og økologiske vaskemiddel, hygiene og kroppsspleie artiklar, samt eit bredt spekter av gåver og nips frå inn- og utland. Du må nesten stikke innom og sjå det sjølv, eller bestille ein time. (ayurveda er sanskrit og tyder læra om livet, yoga tyder union/sameining)



FLITTIGE HAND-ARBEIDSKJERINGAR I VINJE!

Me er så heldige som har så flotte og flittige hand-arbeidskjerigar i Vinje! Kvar tysdag mellom 10-14 sit der ein trufast gjeng på Breihjot. Det er ein arena for eit sosialt treffpunkt i bygda vår,- heilt på lågterskel nivå. Slik eg kjenner dei, vil eg våge meg til å seia at dei og slepper inn fleire - dersom du har lyst til å koma innom for kaffe, trivsel, latter, lærdom, tips og gode rour :)



Eindel onsdagar frå oktober har me og hatt saumadamur under tak på Breihjot. Dei lærer seg å saume skjorteliner, og til sist vil dei og saume si eiga bunadskjorte. Det er positivt med russel på Brehjot!

I fleire år på rad har me vore så heldige å ha ei kalendergruppe i Vinje. For 2014 er temaet ONNER. Slåtten, høying og lauving er med. Kalenderen er til sals for kr 150. Det er alltid moro å bla igjennom denne. Kanskje kjenner du att både deg sjølv og andre i den?

Den 08.12.13 kl 14.00 hadde me den årlege jolebasaren på Breihjot. I tradisjonens tru møtte bygdefolket opp og mange kunne reise heimatt med flotte gevinstar. Der var nok av både kaffe, kakao, jolekake og bollar. Humøret var på topp, og latteren sat laust. Alle verka til å vera svært nøgde i år også, - nett som i tidlegare år :)

Mbh for Vinje Grendelag
Anne Jannicke Lie



Joletrefest på Vinjar

Det blir tradisjonell joletrefest med gang rundt
joletreeet 3. dag jol på Vinjar.

Me startar kl 17.00 og er ferdige kl 19.00.

Det blir konkurranse/leikar og ungane våre underheld.

Dersom alle tek med litt småkaker kan me fordele dei rundt på borda.

I år vil me gjerne at alle tek med seg ein ting kvar til å henge
på joletreeet, pynten skal de sjølvsagt få lov til å ta med heimatt.

Vaksne kr 50,-

Born gratis

Alle er hjarteleg velkomne!

GOD JOL
&
GODT NYTT ÅR

